

Notat

Dato: 04.03.2019
Arkivsak: 2018/16001-2
Saksbehandlar: annsten1

Til: Fellesnemnda

Frå Prosjektleiari

Kostnader ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane

I Meld. St. 6 Oppgåver til nye regioner, kapittel 17.4 står følgjande:

- «Fylkeskommunene vil få overført budsjettmidler til lønnskostnader til ansatte som de overtar frå Statens vegvesen, der staten dekker slike kostnader i dag.»

Dette vert tolka som at vi får overført midlar opp til det talet vi samla sett rekrutterer og ikkje alt finansierer. I dag vert lønnskostnadene som Statens vegvesen (SVV) nyttar til investeringstiltak (planlegging etter plan- og bygningslova, investeringsprosjekt) dekkja gjennom dei fylkeskommunale løyvingane.

Overføring av fylkesvegadministrasjonen til fylkeskommunane er ei stor reform. På landsbasis brukte Statens vegvesen 1850 årsverk i 2018. Dette talet inkluderer administrative fellesfunksjonar som løn, rekneskap, arkiv, HR, IKT etc. I Hordaland og Sogn og Fjordane vart det til saman nytta 294 årsverk i 2018. Det er dette talet som ligg til grunn for personellressursar som kan overførast frå SVV til Vestland fylkeskommune. Av dei 294 årsverka vart 131 finansiert over investeringsbudsjettet. Vi kan såleis rekne med å få tilført lønsmidlar for inntil 163 årsverk. Då overføringa vil vere basert på frivilligheit, legg SVV til grunn at dei skal behalde lønsmidlane for det tal tilsette som eventuelt ikkje vert overførte til fylkeskommunane.

SVV har basert sine vurderingar på kva dei meiner dei skal bli trekt i budsjett som følgje av at dei mister oppgåver og personell. Fylkeskommunen sine kostnader per årsverk er ikkje nødvendigvis dei same som SVV sine, mellom anna pga. ulike rekneskapsprinsipp og føring av pensjonsutgifter.

Prosjektleiari er bekymra for at kostnad per årsverk er sett for lågt i høve våre reelle kostnader. I tillegg vil det, særleg i ein overgangsfase, vere dublering av nokre fagområde, noko som gjer at samla ressursbruk vil kunne auke. Dette er særleg relevant knytt til endringar i ansvar for oppfølging av driftskontrakter.

Vidare er eg bekymra for at omstillingskostnaden er undervurdert. Fylkeskommunen vil få store eingongsutgifter knytt til IKT, både når det gjeld utstyr, infrastruktur og programvare. Det er etablert eit eige nasjonalt prosjekt for å avklare dette og samordne tiltak slik at kostnadsnivået vert halde nede. Det vil også verte auka kostnader knytt til etablering av fleire kontorstader enn i dagens fylkeskommunar, innkjøp og leige av utstyr som køyretøy, måleutstyr, arbeidstøy osv.

Konklusjon

Prosjektleiaren meiner at avvikling av sams vegadministrasjon er ei stor og viktig reform, der fylkeskommunane må setjast i stand til å overta og gjennomføre oppgåvene innan fylkesvegadministrasjonen på ein god måte. Då må finansieringa av reforma følgje oppgåvene, uavhengig av kor mange personar som vert overførte frå Statens vegvesen. Det må takast omsyn til reelle kostnader med reforma. Det må også takast høgde for at omstillingskostnadene kan verte store.

Vedlegg:

Brev frå SVV 08.02.2019

Frå frå KS til KMD 06.02.2019